# Møtereferat

**Møtetittel:** Samarbeidsmøte Sju- stjerna og Helseføretak – Covid 19
**Møtenummer:** 5/2020
**Møteleiar:** Mona
**Referent:** Mona

**Dato:** 15.04. 2020
**Tidspunkt:** Kl. 10 00 – 1100
**Stad:** Skype

| | Namn | Møtt |
|---|---|---|
| **Representantar** | Stian Endresen, PKO | X |
| | Gro Anette Frøystad Voldsund; koordinator Sjustjerna H&O | |
| | Bård Dalen, leiar for Sjustjerna helse- og omsorg | |
| | Trond Aglen, leiar for Sjustjerna rådmannsgruppe | X |
| | Rune Sjurgård, rådmann vertskommune | X |
| | Karsten Vingen, Hareid | |
| | Inger Lise Kaldhol, Volda | X |
| | Norunn K. Elde, Ulstein | X |
| | Asta Sileikiene, Sande | X |
| | Bjørn Martin Aasen, Herøy | X |
| | Kristian Gottliebsen | |
| | Cecilie Oppedal, Vanylven | X |
| | Unni Natås, Ørsta | X |
| | Randi Revheim, Klinikk Volda | |
| | Jon Hjorthaug, Klinikk Volda | |
| | Erlend Bae, | X |
| | Rune Heggedal, Klinikk Volda | |
| | Unni Skare, Fagavdelinga | X |
| | Hallgrim Myklebust | |
| | Knut Nautvik, Klinikk Volda | X |
| | Palma Hånes, Klinikk Volda | X |
| | Mona Ryste, Klinikk Volda | X |
| | Karin M Mikaelsen | X |
| **Andre deltakarar** | | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Frist |
|---|---|---|---|
| Velkomen og informasjon | Fylkeslege Karin M. Mikaelsen deltok på samarbeidsmøte for første gang og vart ønskt velkomen | Mona Ryste | |
| Situasjonsbilete i kommunane | <u>Sande kommune:</u><br>Framleis 5 påvist smitta og 4 av dei er no friske. 160 testar<br><br><u>Volda Kommune:</u><br>Framleis 6 påvist smitta. 5 ute av isolasjon. 258 testar.<br><br><u>Ørsta kommune:</u><br>Framleis 5 påvist smitta, fleire friske. 176 testar.<br>Ikkje smitte i helseinstitusjon.<br><br><u>Herøy kommune:</u><br>4 påvist smitta og tre av desse er no friske. Ein heil del arbeid med båt frå Spania, skifte av mannskap, karantene osb. Tett samarbeid mellom ulike etatar om undervisningsopplegg i høve til smittevern.<br><br><u>Vanylven kommune:</u><br>Framleis 1 påvist smitta. Ingen helsepersonell lenger i karantene.<br><br><u>Ulstein kommune:</u><br>Framleis 7 er påvist smita, 2 isolerte og fem friskmeldt 170 testar.<br>Har 20 polske arbeidarar i ei bedrift – desse har vore<br>14 dagar i karantene og har særs strenge reglar.<br><br><u>Hareid kommune:</u><br>Ikkje tilstades. | Asta Sileikiene<br><br>Inger Lise Kaldhol<br><br>Unni Natås<br><br>Bjørn Martin Aasen<br><br>Cecilie Oppedal<br><br>Norunn Kirkebø Elde<br><br>Karsten Vingen | |
| Situasjonsbilete i HF | Palma orienterte om situasjonsbilete HMR og Volda sjukehus. Jf. vedlegg. | Palma Hånes | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Frist |
|---|---|---|---|
| | | | |
| Testing, testkapasitet, analysekapasitet | FHI kjem med tilrådingar om at testkapasiteten må aukast slik at fleire personar kan testast. I flg. Per Erik Tødenes som Mona hadde kontakta har HMR fått ein ny plattform, og såleis vil ein kunne utvide analysekapasiteten i tråd med tilrådingane. Det er i HMR mogleg med 500 kommunale prøver pr. dag noko som svarar til ca. 125 prøver frå Søre Sunnmøre.<br>Nye testkriterier vart sendt ut i dag kl. 1000 (jf. vedlegg).<br>Kommunane melder om bra testkapasitet. Nokre kommunar har mangel på testpinnar. | Kommunane og HMR | |
| Transportrute prøver | Forbetringspotensiale for effektivisering og samarbeid. Det vert sett ned eiga gruppe for å avklare ansvar og sikre gode rutinar med representantar frå kommune og helseføretak | Stian Endresen deltek i denne gruppa og tek med synspunkta våre | |
| Smittevernutstyr | Det manglar testpinnar i fleire kommunar. Det er felles bestillingsskjema tilgjengeleg på nettsidene. HMR har testpinnar på lager både i Ålesund og Molde og såleis kan desse bestillast. Viktig at ein kun bestiller opp det ein har behov for t.d. dei neste 14 dagane - altså at ein ikkje bygger opp eigne kommunale lager. | | |
| Taxi til bruk av Covid-19 positive pasientar | Palma melde at det er mogleg å nytte taxi til bruk av Covid- 19 pasientar. Drosjer som kan transportere pasientar med smitte/ ukjend smittestatus er etablert i 3 byar i MR – i tillegg ein på Søre Sunnmøre.<br>Drosjene må **bestillast via AMK**- gjeld både ut frå sjukehuset og for kommunar | HMR | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Frist |
|---|---|---|---|
| | som vil bestille drosje for innlegging på sjukehuset.<br>Dette er i oppstartsfase og i testmodus. Så det må gå seg litt til. | | |
| Undervisningsopplegg smittevern i Herøy til tilsette skule/barnehagar | Karin M. Mikaelsen understreka at undervisningsopplegget i Herøy kommune var særs positivt, og som også kan ha stor læringsverdi for andre kommunar. Karin ønskjer også meir info om denne «piloteringa» | Bjørn Martin | sender ut ila dagen |
| Testing av munnbind | Karin orienterte om testing av munnbind og orienterte om at det hadde vore forvirring i høve til om det var klasse 1 eller klasse 2.<br><br>Rådgjevar i smittevern Unni Skare viste til nyhendesaka på internettsidene til HMR om kontroll av smittevermutstyr: Smittevern utstyret som kjem til Norge frå utlandet gjennomgår ein kvalitetskontroll før den vert sendt til kommunar/sjukehus.<br><br>https://helse-midt.no/nyheter/2020/kvalitetskontroll-av-smittevernutstyr-ved-ankomst<br><br>https://www.helse-sorost.no/nyheter/samarbeid-med-ffi-om-kvalitetssikring-av-smittevernutstyr | | |
| Neste møte 22.04. kl. 10 -11 | Held fram med møte kvar veke. Meld inn aktuelle saker. | Mona<br>Stian<br>Gro- Anette | |